

Hugo Furseth
Risasjøvegen 286
5955 Lindås

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/3467 - 23/32577

Saksbehandlar:
Marie Victoria Rekdal Skogrand
marie.skogrand@alver.kommune.no

Dato:
28.04.2023

Varsel om stadleg kontroll etter søknad om produksjons- og avløysartilskot i jordbruket 2023

Alver kommune v/landbrukskontoret visar til føretaket sin søknad om produksjons- og avløysartilskot i jordbruket i mars 2023.

I følge § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysningane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon. Ein del av føremålet med kontrollen er og å informera om gjeldande lovar og reglar samt rettleiing og opplysing om gjeldande produksjon. Søkar av tilskot har plikt til å gje dei opplysningar som kommunen finn nødvendig for å kunne forvalte tilskotsordninga.

Rundskriv 2023/10 punkt 5, seier at minst 10 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år. **Vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til stadleg kontroll etter gjeldande søknadsomgang.**

Kontrollen vil omhandla:

- **Stadleg kontroll av vilkåret om at søkar må drive vanleg jordbruksproduksjon**
- **Kontrollen gjeld saueproduksjonen**

Eit grunnleggande vilkår for å kunne motta produksjonstilskot er at søkar driv «vanleg jordbruksproduksjon». Vanleg jordbruksproduksjon på sau er i hovudsak at kvart dyr som ein søkar produksjonstilskot på skal ha ein viss avdrott. Det gjeld då slakteleveransar, livdyrsal eller sal av ull og skinnfellar. Føretaket er tatt ut til kontroll grunna lavt antal slakta lam i 2022.

